



Majo eigedom AS
Lindåsvegen 154
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4022 - 15/3311

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
13.02.2015

Søknad om løyve til tiltak - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 45/6 Sletten.

Lindås kommune viser til søknad om løyve til tiltak mottatt 15.01.2015.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Det vart gjeve dispensasjon for oppføring av bustad med tilhøyrande anlegg i vedtak datert 18.08.2014. Dispensasjon vart gjeve på grunnlag av innsend dokumentasjon som mellom anna viste planlagt oppføring av bustad i tradisjonell byggjestil for området med saltak og god tilpassing til terreng. Bustaden som det no er søkt om har eit heilt anna uttrykk, har valmtak og er planlagt plassert på planert tomt i eitt nivå. Kommunen vurderer at det omsøkte tiltaket ikkje er i samsvar med den gjevne dispensasjonen.

Søknaden om løyve til tiltak kan ikkje godkjennast før tiltaket er i samsvar med vedtak om dispensasjon frå plan. Tiltaket må difor enten endrast i samsvar med den gitte dispensasjonen eller det må søkjast om dispensasjon for det tiltaket som det no vert søkt om.

Ved innsending av ny/endra dokumentasjon må det også leggjast ved terrengprofil der eksisterande og nytt terreng går fram.

Vi gjer elles merksam på at Statens vegvesen har gitt førehandstilsegn om utvida bruk av avkjørsla i samband med dispensasjonssaka. Det må dokumenterast løyve til uvida bruk før bruksløyve/ferdigattest vert gjeve.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.04.2015. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
Avd.leiar byggesak

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Randi Sletten Flæesland

Vadbuvegen 200 5955

LINDÅS

Mottakarar:

Majo eigedom AS

Lindåsvegen 154 5914

ISDALSTØ